

Sale 3:

Styresak Hafslo IL: Bidrag til utvikling av anlegg for vinteraktivitet ved Sogn Skisenter frå 2017.

Forslag til vedtak:

Styret i Hafslo IL vedtek fylgjande innstilling til årsmøtet i Hafslo IL januar 2016:

Hafslo IL løyver 100 000 kr til kvar av 3 prosjekt for langrenn og 2 prosjekt for hopp ved Sogn Skisenter, 500 000 kr i alt.

Vilkår: Løyvinga vert gitt under føresetnad av spelemiddelløyving, kommunalt tilskot, at IL Bjørn løyver ei tilsvarande løyving til langrennsdelen (300 000 kr) som Hafslo IL og at IL Bjørn løyver halvparten av Hafslo IL sitt bidrag til hopp (100 000 kr). Løyvinga vert utbetalt i delbidrag etter kvart som dokumentasjon på vilkåra ovanfor føreligg.

Bakgrunn

Hafslo IL reviderte anleggsplanen sin gjennom årsmøtevedtak februar 2015. I denne planen vart det fastslege at i perioden 2015-2018, vil det for Hafslo IL vera høgast prioritet å bidra til å få realisert nye anlegg for vinteridrett på Sogn Skisenter. Strategien for å nå dette målet er at Hafslo IL bidreg som delbidragsytar, men ikkje som anleggseigar for dei nye anlegga.

Ved Sogn Skisenter vart det i perioden 2014-2015 gjennomført eit forprosjekt for vidareutvikling av anlegg for vinteridrett. Bystøl AS hadde ansvaret for dette arbeidet, og det er skreve ein rapport som ligg til grunn for det vidare arbeidet med reguleringsplan over området. Styret ved Sogn Skisenter vedtok i april 2015 å melde inn 5 delprosjekt til revideringa av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Dette er to mindre hoppbakkar (K10 og K20) og tre prosjekt knytt til stadion og sprintløype for langrenn (grunnarbeid, asfaltarbeid og snøproduksjon). Det er etablert ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med desse sakene, beståande av Ove Oklevik (administrativ leiar), Jorunn Sekse og Edvard Leirdal (faglege leiarar langrenn), Tore Sønnesyn, Anders Fortun, Jon Ove Lomheim (faglege leiar hopp).

Under fylgjer ei nærare beskriving av dei fem delprosjekta som det vert fokusert på den neste fire-fem årsperioden.

Delprosjekt 1 og 2 Hopp, K10 og K20

To mindre hoppbakkar er planlagt lagt ved sida av banktrekket, sjå vedlegg 1. Arbeidet med reguleringsplanen vil avgjere om denne plasseringa vert endeleg. Søknad om spelemiddelløyving vil tidlegast kunne sendast november 2016, og med tidlegast løyving i juni 2017. Men dette avheng av at reguleringsplanen over området vert vedteken i ila 1.halvår 2016. Forseinking av arbeidet med reguleringsplanen, vil forskyve oppstart av arbeidet med minst eit år.

Budsjetta for dei to hoppbakkane er:

	K10	K20
Materialkostnader	149000	154000
Arbeid	491300	539600
Sum	640300	693600

Eit meir utførleg og detaljert kostnadsoverslag ligg i vedlegg 3.

Finansiering

	K10	K20
Spelemiddelløyving	300000	300000
Kommunalt tilskot	100000	100000
Bidrag Hafslø IL	100000	100000
Bidrag IL Bjørn	50 000	50 000
Dugnad og bidrag Sogn Skisenter	90300	143600
Sum	640300	693600

Fordelinga av dugnad mellom Sogn Skisenter og idrettslaga i kommunen vert gjort på eit seinare tidspunkt.

Delen av MVA som ikkje vert refundert, vert dekkja av Sogn Skisenter.

Delprosjekt 3,4 og 5: Grunnarbeid stadion og sprintløype langrenn, asfaltering stadion og sprintløype langrenn, anlegg for snøproduksjon langrenn.

Tre prosjekt knytt til stadion og sprintløype for langrenn er planlagd, sjå vedlegg 2. Arbeidet med reguleringsplanen vil avgjere om denne plasseringa vert endeleg. Søknad om spelemiddelløyving vil tidlegast kunne sendast november 2017, og med tidlegast løyving i juni 2018. Men dette avheng av at reguleringsplanen over området vert vedteken i ila 1.halvår 2016, og at arbeidet grunneigaravtalar og tilrettelegging for steinuttak vert landa 1.halvår 2017. Forseinking av eit eller fleire av desse arbeida vil forskyve oppstart av arbeidet med minst eit år.

Budsjett

	Grunnarbeid	Asfaltering	Snøproduksjon
Materialkostnader	700000	1566000	950000
Arbeid	1469000	698000	400000
Sum	2169000	2264000	1350000

Eit meir utførleg og detaljert kostnadsoverslag ligg i vedlegga 4 og 5. Desse vedlegga gjeld grunnarbeidet og asfaltering. Det ligg ikkje ved eit detaljert budsjett for anlegget for snøproduksjon, dette budsjettet byggjer på eit tidlegare tilbud frå ein svensk leverandør justert for prisauke.


Finansiering

	Grunnarbeid	Asfaltering	Snøproduksjon
Spelemiddelløyving	700 000	700 000	445 500
Kommunalt tilskot	700 000	700 000	445 500
Bidrag Hafslø IL	100 000	100 000	100 000
Bidrag IL Bjørn	100 000	100 000	100 000
Andre finansieringskjelder	369 000	516 000	59 000
Dugnad	200 000	148 000	200 000
Sum	2169000	2264000	1 350 000


Fordelinga av dugnad mellom Sogn Skisenter og idrettslaga i kommunen vert gjort på eit seinare tidspunkt.

Delen av MVA som ikkje vert refundert, vert dekkja av Sogn Skisenter.

Vedlegg 1 Hoppanlegg



Vedlegg 2 Stadion og sprintløype langrenn



Vedlegg 3 Detaljert kalkyle hopp K10 og K20



KALKYLE
Sogn Skisenter

Revisjon 0.0 Dato: 2015-03-31

4779000:

Utført: J.O. Lomheim Kontrollert: T. Kvåle

Kalkyle: Rekrutteringsbakkar K10 og K20, Heggmyrane

Bd	Kap	WBS	Enh	Masse	Enh.pris	Delsum	Sum	Totalsum
1	-	-	FELLESKOSTNADER			Sum post 1:		
2	-	-	BYGNING			Sum post 2:		0
3	-	-	VVS			Sum post 3:		0
4	-	-	ELKRAFT			Sum post 4:		0
5	-	-	TELE OG AUTOMATISERING			Sum post 5:		0
6	-	-	ANDRE INSTALLASJONER			Sum post 6:		0
-	-	-	HUSKOSTNAD (ekskl. avgift)					
7	-	-	UTENDØRS			Sum post 7:		0
70	-	-	Tilrigging			Sum post 70:	90 000	
701	-	-	Rigg			90 000		
71	-	-	Terrengbehandling			Sum post 71:	720 400	
711	-	-	Bakke K10			Sum post 711:	311 400	
-	0	0		Vegetasjonsrydding og avtaking vekstjord	m2	400	30	12 000
-	0	0		Avtaking av vekstjord (majord) og mellomagring	m2	700	30	21 000
-	0	0		Graving og massefylting internt	m3	350	70	24 500
-	0	0		Rensk av fjelloverflate for sprengning	m2	80	30	2 400
-	0	0		Sprengning inkl fåsprenging	m3	140	200	28 000
-	0	0		Massefylting til deponi	m3	0	70	0
-	0	0		Finplanering bakke utan vekstjord	m2	0	55	0
-	0	0		Tilbakefylling vekstjord og finplanering	m2	1 100	35	38 500
-	0	0		Såing og raking	m2	1 100	25	27 500
-	0	0		Lengdemålaravsattar (trapp)	rs	1	15 000	15 000
-	0	0		Omgjeving OV-røyr 600 (sprenging/graving og gjennfylling + 50 % nye røyr)	m	17	2 000	34 000
-	0	0		Jordgrøft for drenering (graving, fundamen/omfylling og gjennfylling)	m	25	900	22 500
-	0	0		Sprenging grøft og graving, fundamen/omfylling og gjennfylling	m	15	1 600	24 000
-	0	0		Drensrøyr DV=100x2	m	25	200	5 000
-	0	0		Jordgrøft for OV-røyr og drenering (graving og gjennfylling)	m	25	1 000	25 000
-	0	0		Drensrøyr DV=100 + Overvassrøyr OV 400	m	40	400	16 000
-	0	0		Oppsamlingskum m/ innlaksrist	stk	2	8 000	16 000
712	-	-	Bakke K20			Sum post 731:	409 000	

Vedlegg 3, kalkyle hoppbakkar K10 og K20 fortsatt

-	0	0	Vegetasjonsrydding og avtaking av veksjord	m2	500	30	15 000	
-	0	0	Avtøking av veksjord (mafjord) og mellomlagring	m2	800	30	24 000	
-	0	0	Verdi av skog	rs			0	
-	0	0	Graving og massefylting internt	m3	550	70	38 500	
-	0	0	Rensk av fjelloverflate for sprengning	m2	200	30	6 000	
-	0	0	Sprengning inkl låsprenging	m3	350	180	63 000	
-	0	0	Massefylting til deponi	m3	300	60	18 000	
-	0	0	Finplanering bakke utan veksjord	m2	0	55	0	
-	0	0	Tilbakefylting veksjord og finplanering	m2	1 300	35	45 500	
-	0	0	Såing og raking	m2	1 300	25	32 500	
-	0	0	Lengdemålaravsaksar (rapp)	rs	1	15 000	15 000	
-	0	0	Omlegging OV-røyr 600 (sprenging/graving og gjennfylling + 50 % nye røyr)	m	18	2 000	36 000	
-	0	0	Jordgrøft for drenering (graving, fundamentomfylling og gjennfylling)	m	15	900	13 500	
-	0	0	Sprenging grøft og graving, fundamentomfylling og gjennfylling	m	15	1 600	24 000	
-	0	0	Drensrøyr DV=100 x2	m	30	200	6 000	
-	0	0	Jordgrøft for OV-røyr og drenering (graving og gjennfylling)	m	40	1 000	40 000	
-	0	0	Drensrøyr DV=100 + Overvassrøyr OV 400	m	40	400	16 000	
-	0	0	Oppsamlingskum n/ inntaksrist eller lok	stk	2	8 000	16 000	
72	-	-	Konstruksjoner og utstyr				Sum post 72:	236 700
721	-	-	Bakke K10				Sum post 721:	143 900
-	0	0	Hopp	stk	1	7 000	7 000	
-	0	0	Vanter	m	40	500	20 000	
-	0	0	Avsaksar tiløp	stk	6	2 500	15 000	
-	0	0	Bommar fast innstallasjon	stk	6	3 000	18 000	
-	0	0	Bommar flytbare	stk	2	2 000	4 000	
-	0	0	Spormal (fast)	m	0	500	0	
-	0	0	Spormal (mobil slede)	stk	1	2 500	2 500	
-	0	0	Mobilt sikkerhetsnett	m	80	280	22 400	
			Tilkopling eksisterande lysanlegg + ca 50 m jordkabel i grøft	rs	1	25 000	25 000	
			Lysanlegg (2 lysarmatur pr sbølge)	stk	2	15 000	30 000	
-	0	0	Dommartribune (ikkje aktuelt, heller ikkje grunnlag for flisok)	stk	1	0	0	
			Tilkopling eksisterande lysanlegg + ca 50 m jordkabel i grøft	rs	1			
722	-	-	Bakke K20				Sum post 722:	92 800
-	0	0	Hopp	stk	1	10 000	10 000	
-	0	0	Vanter	m	40	500	20 000	
-	0	0	Avsaksar tiløp	stk	8	2 000	16 000	
-	0	0	Bommar fast innstallasjon	stk	8	3 000	24 000	
-	0	0	Bommar flytbare	stk	3	2 000	6 000	
-	0	0	Spormal (fast)	m	0	500	0	
-	0	0	Mobilt sikkerhetsnett	m	60	280	16 800	
-	0	0	Maskininnstallert sporleggar	rs	0	125 000	0	
-	-	-	ENTREPRISEKOSTNAD (ekskl. avgift)					1 047 100
8	-	-	GENERELLE KOSTNADER				Sum post 8:	185 652
81	-	-	Program (utredning og byggeprogram)				Sum post 81:	0
82	-	-	Prosjektering				Sum post 82:	73 297
-	-	-	Prosjektering som prosentvis påslag på Entreprenørkostnad	%	7,0			
-	-	-	Kalkulert Prosjekteringskostnad				73 297	
83	-	-	Administrasjon				Sum post 83:	41 884
-	-	-	Byggeledelse som prosentvis påslag på Entreprenørkostnad	%	4,0			
-	-	-	Kalkulert Byggeledelse				41 884	
84	-	-	Bikostnader (Kopiering, reiser, diett etc)				Sum post 84:	10 471
-	-	-	Bikostnader som prosentvis påslag på Entreprenørkostnad	%	1,0			
-	-	-	Kalkulert Bikostnader				10 471	
85	-	-	Forsikringer, gebyrer o.l.				Sum post 85:	20 000
-	0	0		rs	1	20 000	20 000	
89	-	-	Diverse				Sum post 89:	40 000
-	0	0	Finansieringsutgifter	rs	1	40 000	40 000	
-	-	-	BYGGEKOSTNAD (ekskl. avgift)					1 232 752
9	-	-	SPESIELLE KOSTNADER				Sum post 9:	0
-	-	-	PROSJEKTKOSTNAD (ekskl. avgift)					1 232 752
0	-	-	MARGINER OG RESERVER				Sum post 0:	101 086
-	-	-	Antatt månedlig prisstigning = p%	%	0,20			
-	-	-	Antatt tid fram til byggestart = t' (mnd)	mnd	38,0			
-	-	-	Antatt byggetid = t'' (mnd)	mnd	6,0			
-	-	-	Kalkulert prisstigning = (Prosjektkostnad)*(p)*(t'+(t''/2)) =				101 086	
-	-	-	Antatt prosentvis kalkyleusikkerhet P (%)	%				
-	-	-	Kalkulert kalkyleusikkerhet = (Prosjektkostnad)*(P)				0	
-	-	-	PROSJEKTBUJSJETT (ekskl. avgift)					1 333 838

Vedlegg 4 Budsjett for grunnarbeid i ny sprintløype og stadion

Mengder og priser: knusing av massar på eige anlegg

	eining	mengde	Einings- pris	pris
Eablering av stikkrenner	RS	4	3500	14 000
Omlegging av bekk m/alt arbeid og massar	m	160	1200	192 000
Planering av løype og etablere grøfter	Time	35	700	24 500
Rydding av skog og transporter	RS	1	60000	60 000
Fiberduk, innkjøp - løype	m ²	6600	6	39 600
Fiberduk, utlegging - løype	m ²	6600	8	52 800
Geonett, innkjøp, 1. lag	m ²	6600	35	231 000
Geonett, utlegging, 1. lag	m ²	6600	8	52 800
Geonett, innkjøp, 2.lag	m ²	3300	35	115 500
Geonett, utlegging, 2. lag	m ²	3300	8	26 400
Sprenging, knusing, transport og legging - eigne massar	m ³	2500	120	300 000
Fiberduk, innkjøp	m ²	4800	6	28 800
Fiberduk, utlegging	m ²	4800	8	38 400
Geonett, innkjøp,	m ²	4800	35	168 000
Geonett, utlegging	m ²	4800	8	38 400
Sprenging, knusing, transport og legging - eigne massar	m ³	2500	120	300 000
Opparbeiding av grøntareal	m ²	2750	15	41 250
Såing	m ²	2750	8	22 000
Uføresette kostnader (1 745 450,-)	%	10		174 545
Rigg og drift (1 919 995,-)	%	6		115 200
Prosjektering, administrasjon, byggeleing (1 919 995,-)	%	7		134 200
Sum kostnader ekskl. mva				2 169 395

Vedlegg 5 Budsjett for asfaltarbeid i ny sprintløype og stadion

	eining	mengde	Einings- pris	pris
Asfaltering av stadion	m ²	4800	200	960 000
Asfaltering av sprintløype	m ²	4400	200	880 000
Uføresette kostnader (1 840 000,-)	%	15		276 000
Prosjektering, administrasjon, byggeleiing (2 116 000,-)	%	7		148 000
Sum kostnader ekskl. mva				2 264 000